



SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Hovudutval for teknisk, næring og kultur		

Saksbehandlar:	Arkiv:	Journalpostnr.
Sigrid B. Handegard		16/3730

TILLEGGSLØYVING LANDSBYTORG, SERVICEBYGG OG SJØFRONT PÅ JONDAL FERJEKAI

Dokument i saka:

03.03.2016	Medfinansiering av prosjekt.
31.08.2016	Signert skjema om standardvilkår for tilsegn
24.08.2016	Tilsegn om tilskot på inntil 700 000,- til prosjekt Landsbyborg og sjøfront på Jondal ferjekai
09.03.2016	Servicebygg og ferdiggjering Jondal ferjekai
04.02.2016	Jondal fergekai – skisser
11.02.2016	Gjeld skissekostnadsoverslag
11.02.2016	Skissekostnadsoverslag utomhus
21.12.2015	Sluttrapport
11.06.2015	Jondal fergekai–Torgområdet–Tilbud landskapsarkitekt–svar
09.06.2015	Akseptskjema for Partnerskap i kommune –og tettstadplanlegging
25.03.2015	Pristilbod landskapsarkitektarbeid
11.06.2015	Jondal fergekai–Torgområdet–Tilbod landskapsarkitekt–svar
28.05.2015	Tilsegnsbrev – Partnerskap i kommune– og tettstadsplanlegging i Hordaland – Jondal kommune
30.03.2015	Søknad og prosjektskildring


Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Reguleringsplan for Jondal ferjekai

Budsjett Jondal kommune 2016



Finansiering

Tiltaket er kostnadsrekna etter innhenting av einingsprisar når det gjeld bygg og areal over sjø, med ei total kostnadsråme på kr 6,5 mill eks. mva., inkl 10 % uføresette kostnader.

Parallelt har det frå Jondal kommune si side vore arbeidd med å få til eit spleiselag for å realisera prosjektet innan ei slik kostnadsdeling:

Landsbyborg/sjøfront/parkering	Kr 1 815 000 eks. mva
Servicebygg	Kr 2 850 000 eks. mva
Fundamentering i sjø	Kr 1 000 000 eks. mva
Byggjeleiing/prosjektering + 15%	Kr 835 000
Totalt	Kr 6 500 000 eks mva
Finansiering	
Jondal kommune	Kr 2 150 000
Nasjonale Turistvegar	Kr 650 000
HNH midlar	Kr 700 000
Hordaland Fylkeskommune/SSV	Kr 3 000 000
Totalt	Kr 6 500 000

Finansiering frå Nasjonale Turistvegar med inntil 1 mill, eller 10 % av byggekostnaden og kr 700 000 frå Handlingsprogram for Næringsutvikling er det gitt tilsagn om. Kr 3 mill frå Hordaland Fylkeskommunen er administrativt tilrådd, men føreset politisk handsaming som er planlagt i Samferdselutvalet 3.nov.

I budsjett for 2016 er det finansiert over teneste 3351 og 3352 Tettstadutvikling/rekreasjon kr 1,4 mill. til dette føremålet. Det er såleis behov for ei kommunal tilleggsøyving på kr 750 000.

Byggherre, eige og vedlikehald

I utgangspunktet er bygging og drift av servicebygg vegeigar(Hordaland fylkeskommune) sitt ansvar. I bygget ligg det også ein næringsdel som kan ha sambruk med venteromsdelen. I forhandlingsmøte 6.10. mellom partane har Jondal kommune påteke seg å vera byggherre, eiga og drifta anlegget. Det betyr at risikoen for evt. kostnadssprekk ligg på Jondal kommune.

For dette skal Hordaland fylkeskommune yta eit eingongstilskot på kr 3 mill, og eit årleg driftstilskot på kr 70 000 som skal regulerast etter prisindeks. Servicebygget skal vera ope når ferja går, og intensjonen er at avtalen gjeld inntil evt. ferjesambandet vert avløyst med bru. Vidare skal fylkeskommunen overføra grunnen vederlagsfritt til Jondal kommune. Det skal utarbeidast ein avtale som byggjer på desse forhandlingane.

Vurdering:

Jondal sentrum er i tillegg til å vera trafikknutepunkt og ferjekai, Nasjonalpark landsby, kommune, bygde og handelssenter, og del av Nasjonal Turistveg. Særleg i sommarsesongen er det mange gjester som besøkjer oss og oppheld seg i sentrum. Det er viktig at kaiområdet vert tilrettelagt med gode kvalitetar for både reisande, fastbuande og gjester.

Jondal sentrum har betydeleg auke i trafikken etter Jondalstunnelen opna og Haukeliekspressen la om ruta. Difor er det og viktig å få på plass servicebygg, på lik linje med andre ferjekaiar og knutepunkt i Hordaland.

Jondal kommune opplever det som svært positivt, og litt nybrotsarbeid, at ulike aktørar som Statens Vegvesen, fylkeskommunen, Nasjonale Turistvegar og kommunen samarbeidar både om planlysing, utforming, finansiering, drift og vedlikehald av dette tiltaket. Det har vore ein nyttig prosess å «sitja rundt same bord og bryna argument». Prosjektet er i tråd med både Regional Næringsplan 2011–17 , prioritert tiltak i Jondal Nasjonalparklandsby og prioriteringane i samfunnsdelen av kommuneplanen og retningsliner for Næringsfondet.

Etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at det vert gitt ei tilleggsøyving på kr 750 000 til prosjektet.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

1. Jondal kommunestyre løyver kr 750 000 til dekning av kommunen sin del av kostnadane med opparbeiding av Landsbytorg, sjøfront og servicebygg. Konto 3235/600/3352
2. Kr 750 000 vert finansiert ved bruk av lån.

3. Ordføreren får fullmakt til å inngå avtale mellom Jondal kommune og Hordaland fylkeskommune om drift og vedlikehold av servicebygget.

Siv Helle Prestegard – rådmann